

MØTEPROTOKOLL

Høgskulestyret

Dato: 07.03.2018 kl. 17:00-18:30, 08.03.2018 kl. 09:00-14:00

Sted: Førde

Arkivsak: 17/00097

Tilstede: Berit Rokne, Arvid Hallén, Kari Kjenndalen, Trond Ueland, Sissel Johansson Brenna, Tom Skauge, Gunnar Yttri, Christine Øye, Marit Ubbe, Åse Neraas, Karin Stormo, Sondre Johan H Riisøen, Cecilie Engen Fredheim, Marie Eikemo Larsen, Aina Berg (delvis møtt, tilstades ved handsaming av sak 11-14/18, 19-25/18, O-2/18, samt delar av sak 15/18).

**Møtende
varamedlemmer:** Ingen

Forfall: Gunnar Birkeland

Protokollfører: Linda McGuffie

SAKSKART		
Vedtaksaker		
11/18	17/00097-67	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
12/18	17/05129-12	Årsregnskapet for 2017
13/18	18/01942-1	Årsrapport 2017-2018
14/18	17/10061-21	Revidert budsjett 2018
15/18	18/02016-1	Administrativ organisering ved HVL
16/18	18/01899-1	Rekruttering til administrative leiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet
17/18	18/01873-1	Ledelsessystem for informasjonssikkerhet
18/18	18/02124-1	Retningslinjer for sidegjere mål i HVL
19/18	18/01952-1	Forskningsmelding HVL
20/18	18/01619-2	Årsmelding for Forskingsetisk utvalg 2017
21/18	18/01936-1	Oppstart av prosess for å undertegne Magna Charta Universitatum
22/18	17/01713-3	Årsrapport 2017 for Klagenemnda ved Høgskolen på Vestlandet
23/18	17/10241-6	Årsrapport frå Læringsmiljøutvalet ved HVL 2017
24/18	17/03934-8	Studiebarometeret 2017 - Resultat for HVL
25/18	17/01364-10	Oppnemning av studentrepresentant - skikkavurderingsnemnda ved HVL
26/18	17/04016-6	Campusutvikling HVL - løypemelding nybygg Haugesund
27/18	17/04016-5	Campusutvikling HVL - status nybygg Sogndal og Bergen
Orienteringssaker		
O-2/18	17/00146-30	Orienteringar frå rektor - styremøte 02/18

Førde, 07.-08.03.2018

Arvid Hallén

11/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	11/18

Framlegg til vedtak:

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 02/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 01/18.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og ønskte velkommen til møtet. Det vart informert om at eit styremedlem (Gunnar Birkeland) hadde meldt forfall og at det ikkje var noen vararepresentantar som kunne møte i hans stad.

Styret hadde ikkje kommentarar til innkallinga eller protokollen.
To saker vart meldt til eventuelt i forkant av møtet og vart satt på sakslista.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner forslag til innkalling og saksliste til styremøte 02/18
2. Styret godkjenner protokoll frå styremøte 01/18.

12/18 Årsregnskapet for 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	12/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Årsrekneskapet for 2017 med noter og leiarkommentar tas til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og Helge Skugstad, direktør for økonomi og arealforvaltning, presenterte saka kort.

Styret diskuterte saka kort og konstaterte at HVL har ein sunn økonomi. Styret peika på at usikkerhet knytt til mellom anna ekstern inntening, auka kostnader til husleige, og dessutan auke i tal tilsette, er moment som kan verke inn på fakulteta sin handlefridom i året som kjem.

Disponeringa av avsetningar vart gjort greie for i sak 14/18 og vart difor ikkje diskutert nærare i samband med handsaminga av denne saka. Vedtak av rekneskapen vert gjort i samband med handsaming av årsrapport for 2017-2018, sak 13/18.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar Årsrekneskap for 2017 med noter og leiarkommentarar til orientering.

13/18 Årsrapport 2017-2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	13/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret vedtar Årsrapport 2017-2018.
2. Styret signerer Årsmeldinga.
3. Rektor ser til at innspela frå styret blir innarbeidd i rapporten før den blir sendt til Kunnskapsdepartementet.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Helge Skugstad, direktør for økonomi og arealforvaltning, gav utfyllande informasjon. Rapporten er utarbeidd i tråd med malen til Kunnskapsdepartementet og inkluderer rapport for 2017 og plan for 2018.

Styret diskuterte saka og var nøgd med heilskapen i rapporten. Styret bad om at følgjande justeringar blir innarbeidd i rapporten før den blir sendt til KD 15. mars:

- Kunnskap i bruk: I rapporten må ein framheve meir korleis aktiviteten ved HVL er til nytte for arbeidslivet og regionen i punktet om nærvære med fagleg tyngd på Vestlandet. Også ønskeleg at ein gjer tydelegare at HVL er ein profesjons- og arbeidslivsretta høgskule som utviklar relevant kompetanse for samfunnet.
- Disponere stoffet i årsmeldinga slik at dei områda som er viktigast for omverda kjem først.
- Vinkle kommentarar om omdømme meir positivt.
- Inkludere forskning i punkta styret vil ha særskilt merksemd på i 2018.
- Tydeleggjere at satsing på studentrekruttering gjeld for alle utdanningsnivå.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner Årsrekneskap for 2017, jf. sak 12/18.
2. Styret vedtar Årsrapport 2017-2018 med dei merknader og endringsforslag som kom fram i diskusjonen.
3. Styret signerer Årsmeldinga.

14/18 Revidert budsjett 2018

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	14/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret vedtek revidert budsjett i høve til rektor sine tilrådingar i saksframlegget.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia. Helge Skugstad, direktør for økonomi og arealforvaltning presenterte hovudlinene og dei viktigaste momenta i saka.

Styret diskuterte saka og støtta forslaga til disponering av strategiske midlar. Innføring av ny budsjettfordelingsmodell og overgang frå tre separate til *eitt* samla budsjett gjer det naudsynt å ha god budsjettkontroll og oversikt over kva bindingar som er knytt til avsetningane før ein overfører ubrukte midlar tilbake til fakulteta. Styret var difor positive til at ein legg opp til ei tett oppfølging av økonomien i fakulteta i tida framover. Styret støtta og at ein legg opp til å ha midlar som kan nyttast som buffer for uventa kostnader (t.d. grunna ny budsjettfordelingsmodell) og til strategiske satsingar (t.d. kompetanseheving, stipendiatstillingar mm.) som kjem i tillegg til dei strategiske prioriteringane som blir gjort i fakultetsbudsjetta.

Styret hadde forståing for at posten til felles strategiske satsingar ikkje er så høg no, men ser fram til ei auke her i framtida. Styret ser også positivt på at ein har planar om å starte med langtidsbudsjettering.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret vedtek revidert budsjett i samsvar med rektor sine tilrådingar i saksframlegget.

15/18 Administrativ organisering ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	15/18

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtar administrativ organisering i fakulteter og fellesadministrasjon som fremstilt i saken.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte det konkrete framlegget, den gjennomførde prosessen og planen for det vidare arbeidet.

Rektor og organisasjonsdirektøren understreka i sine innlegg at det har vore førande for forslaget til organisering at den administrative organiseringa skal følgje same prinsipp som den faglege organiseringa (jf. Sak 17/17). Då må modellen sikre gjennomgåande einskapleg leiing i organisasjonen: samanheng mellom fag- og personalansvar, leiing av fagmiljø på tvers av campus, heilskapleg utvikling av administrative kompetansemiljø og god utnytting av administrative ressursar. Det er lagt opp til å organisere faggrupper og team (også på tvers av avdelingar der sakstilfanget gjer det føremålstenleg) og at ein forankrar prosesseigarskap hos faggruppeleiarar i dei ulike avdelingane. For å ivareta campusomsyn og ein administrasjon som er tett på fakulteta, vil ein legge opp til lokale koordineringsfunksjonar og dedikerte fakultetsressursar på områder der det er føremålstenleg.

Saka har skapt engasjement på mange nivå i organisasjonen. I forhandlingane med dei tillitsvalde var det semje om dei fleste punkta i forslaget, men usemje på nokre punkt og i tillegg nokre merknadar. Styret hadde også mottatt eit brev frå dei tillitsvalde i forkant av styrebehandlinga av saka som vart diskutert i møtet. Forslaget til organisering som vart lagt fram inneheldt ei justering i tråd med eitt av usemjepunkta frå forhandlingane.

Styret hadde ein omfattande diskusjon der mange problemstillingar vart tekne opp. Det vart peika på at dette hadde vore korte fristar på høyringar og at prosessen har gått fort. Det vart også peika på at ein i større grad kunne synleggjort alternative forslag.

På nokre punkt sakna ein ei tydelegare risikovurdering av dei val som var gjort. Styret samla seg om at det var tenleg å ta med eit tilleggspunkt i vedtaket der ein ber om at det blir gjennomført ei risikovurdering av den organiseringa ein har vald. Her må ein også tematisere dei områda det var usemje om i forhandlingane med dei tillitsvalde. Styremedlemmene tok også opp ei rekke problemstillingar som bør drøftast i ei slik vurdering:

- Ein slank administrasjon med få avdelingar kan føre til avstand mellom leiing og utførande ledd.

- Tverrgående team og faggrupper og kopling til linje kan bli uklar – viktig at ein legg opp til at dei uformelle strukturane er godt forankra i dei formelle linjene og at leiingsansvar og prosesseigarskap blir tydeleg plassert.
- Det kom fleire innspel på korleis avdelingar burde vore splitta eller sett saman på andre måtar, t.d. om internasjonalisering, EVO, IT mm. burde vore skilt ut som eigne avdelingar/einingar med eigen leiarfunksjon.
- Det vart stilt spørsmål ved om fagspesifikke omsyn vil få nok merksemd når områda er slått saman med andre fagområde, og om det er godt nok med ein nestleiarfunksjon eller om dei burde hatt dedikerte leiarfunksjonar.
- Modellen må legge til rette for samanheng mellom strategisk og operativ leiing for fagområde og budsjettansvaret for desse, til dømes vart det i debatten peika på at området studentrekruttering bør ligge i avdeling for studieadministrasjon for å sikre ei heilskapleg tilnærming.
- Ein må sikre at fakulteta sine behov for administrativ støtte frå fellesadministrasjonen blir dekkja.
- Fakultetsadministrasjonane må ha ressursar nok til å utføre dei oppgåvene som er lagt til dei.
- Campusperspektivet og heilskapleg campusutvikling er viktige områder å jobbe vidare med fordi ein må gjere det til ein styrke for institusjonen at vi har fleire campus.
- Få avdelingar gir lågt tal på leiarar, det medfører ein risiko for at ein ikkje får distribuert leiarfunksjonane geografisk på dei ulike campusane.
- Få leiarar som må reise mykje mellom campus kan verke inn på tida dei får til å utføre arbeidet sitt. Det kan også spele negativt inn på rekruttering til stillingane. Må tydeleggjerast i utlysinga kva krav som gjeld til reising for desse stillingane.
- Det er viktig det blir tydeleg for tilsette og studentar kor dei ulike funksjonane blir plassert i den nye organisasjonen.

Styreleiar understreka kor viktig det er for HVL at ein får på plass ei administrativ organisering. Det er ingen fasit for korleis ei slik organisering bør vere og det må vere rom for justeringar i tråd med erfaringar i etterkant. Han meinte framlegget til organisering var gjennomarbeidd og at det heng godt saman med modellen for fagleg organisering.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret vedtar administrativ organisering i fakultet og fellesadministrasjon som lagt fram i saka.
2. Styret ber om at det blir gjort ei risikovurdering av dei viktige omsyna i diskusjonen om administrativ organisering. Det gjeld særskilt korleis vi kan ivareta heilskapleg campusdrift/campusutvikling, korleis fakulteta blir gitt administrativ støtte og korleis ansvaret for ulike funksjonsområde blir plassert, slik som t.d. EVU og rekruttering. Styret ber om å bli halden orientert om erfaringane med organiseringa.

16/18 Rekruttering til administrative leiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	16/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Tilsettingsrådet ved HVL blir vedtaksorgan i sakene som gjeld administrative leiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet, med ei endring i høve til vararepresentantar (*kursivert*):

- Organisasjonsdirektør
- Direktør for økonomi- og arealforvaltning
- Prorektor for utdanning
- *Vara for desse tre er:*
 1. *Prorektor for samhandling*
 2. *Prorektor for forskning*
- To tilsettere representantar

Rådet gjer dei endelege vedtaka i tilsettingane av administrative leiarar, etter innstilling frå næraste overordna.

2. Styret slutter seg til rektors vurderingar om utlysingsform (internt/eksternt), stillingsinnhald og kompetansekrav for leiarstillingane, og gjev rektor fullmakt til å gje endelege utformingar av utlysingstekstar for dei enkelte stillingane.

3. Styret ber om at dei administrative leiarstillingane blir lyste ut så snart råd er.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, gav utfyllande informasjon.

Styret diskuterte saka og støttar at desse stillingane primært blir lyst ut internt i organisasjonen. Styret hadde ikkje innvendingar til samansettinga av rådet, men det kom innspel på at ein bør ta ei prinsipiell vurdering på om tilsettingsrådet ved HVL skal ha studentrepresentasjon eller ikkje.

Det kom innspel om at ein i tilsettinga av leiarar og samansetninga av leiarteam bør forsøke å få til ei god fordeling av leiarar mellom ulike studiestader og at ein i situasjonar der to kandidatar står likt bør vektlegge dette omsynet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Tilsettingsrådet ved HVL blir vedtaksorgan i sakene som gjeld administrative leiarstillingar ved Høgskulen på Vestlandet, med ei endring i høve til vararepresentantar (*kursivert*):

- Organisasjonsdirektør
- Direktør for økonomi- og arealforvalting
- Prorektor for utdanning
- Vara for desse tre er:
 1. *Prorektor for samhandling*
 2. *Prorektor for forskning*
- To tilsettere representantar

Rådet gjer dei endelege vedtaka i tilsettingane av administrative leiarar, etter innstilling frå næraste overordna.

2. Styret slutter seg til rektors vurderingar om utlysingsform (internt/eksternt), stillingsinnhald og kompetansekrav for leiarstillingane, og gjev rektor fullmakt til å gje endelege utformingar av utlysingstekstar for dei enkelte stillingane.

3. Styret ber om at dei administrative leiarstillingane blir lyste ut så snart råd er.

17/18 Ledelsessystem for informasjonssikkerhet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	17/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret godkjenner styringsdelen av leiingsystemet for informasjonstryggleik.
2. Styret ber rektor følgje opp den vidare utviklinga og innføringa av leiingsystemet for informasjonstryggleik.
3. Rektor godkjenner dei gjennomførande og kontrollerande delane av leiingsystemet når dei er ferdigstilte.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte saka og svara på spørsmål.

Styret var positive til at ein får dette på plass i organisasjonen. Det vart oppmoda om at ein legg til rette for at tilsette enkelt kan orientere seg i kva reglar som gjeld. Det kom også innspel på at det burde vere obligatorisk for tilsette å halde seg oppdatert på leiingssystemet, og at ein kan vurdere å ha innføring i dette som del av ei startpakke for nytilsette.

Organisasjonsdirektøren orienterte om at ein med innføringa av leiingssystemet for informasjonssikkerhet også opprettar eit informasjonssikkerhetsforum som vil koordinere opplæring i mellom anna innføringa av ny personvernforordning.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret godkjenner styringsdelen av leiingsystemet for informasjonstryggleik.
2. Styret ber rektor følgje opp den vidare utviklinga og innføringa av leiingsystemet for informasjonstryggleik.
3. Rektor godkjenner dei gjennomførande og kontrollerande delane av leiingsystemet når dei er ferdigstilte.

18/18 Retningslinjer for sidegjøremål i HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	18/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og Tage Båtsvik, organisasjonsdirektør, presenterte saka.

Styret var positive til at organisasjonen har fått dette på plass. Det kom innspel på at ein bør legge til rette for at systemet er enkelt å bruke og at det er mogleg for tilsette å sjå kva dei har registrert og ikkje.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

19/18 Forskningsmelding HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	19/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar og rektor innleia og Gro Anita Fønnes Flaten, prorektor for forskning, presenterte saka.

Forsking ved HVL var tema for styreseminaret i forkant av styremøtet og innhaldet i forskningsmeldinga vart presentert for styret på seminaret. Styret takka for saka og presentasjonane og fann dei svært interessante og relevante.

Styret ga følgjande innspel til moment som bør følgjast opp i framtidige forskningsmeldingar:

- Insentivsystema og måleparametra er lagt opp på ein måte som ikkje automatisk støttar oppunder det profesjons- og arbeidslivsfokuset som HVL har som ambisjon å ha på sin forskning. Dette er ei problemstilling HVL må vere bevisst på og som godt kan synleggjerast i forskningsmeldinga.
- Sjå nærare på eksterne inntekter, analyser av dei partnerskapa som skapast gjennom ekstern finansiering. Ei slik analyse vil også kunne gje indikasjonar på i kva grad Høgskulen greier å nå den sentrale ambisjonen om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet som er relevant for omverda.
- Inkludere den forskings- og formidlingsaktiviteten som ikkje går direkte på universitetsambisjonen og tellekantane til KD.
- Tydeleggjere korleis forskinga ved HVL er relevant for samfunnsutfordringane.
- Søknadsaktiviteten bør analyserast – kor mykje søker vi om, kor og i saman med kven?
- Fakultetsnivået og status på campus bør synleggjerast meir.
- Satsingar på tvers av fakultet bør også beskrivast.
- Internasjonalt samarbeid.
- Humaniorameldinga sin relevans for forskinga ved HVL.
- Forskingssentra sin rolle, kor mykje dei produserer og kva effekt dei har.
- Oversikt over post doc.stillingar.
- Innhaldet i forskningsmeldinga er relevant for omverda, men i form er ho internt retta. Ønskeleg at ein ser på måtar å gjere materialet meir interessant for eksterne.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Saka tas til orientering med dei kommentarar styret hadde i møtet.

20/18 Årsmelding for Forskingsetisk utvalg 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	20/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saken til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret var positive til at Høgskulen har oppdaterte rutinar på dette området, det er særleg viktig å ha slike på plass når den nye personvernforordninga legg større opplæringsansvar på institusjonen.

Styret kom med innspel på korleis ein kan bevisstgjera organisasjonen og førebygge at det oppstår uheldige situasjonar, t.d. opplæring av tilsette med case-studiar av aktuelle dilemma som kan oppstå, generell opplæring i forskningsetikk, nettside med sjekklister for saker mm.

Styret var nøgd med at det ikkje har vore rapportert om store saker til utvalet, men understreka at det er svært viktig å ha stor merksemd på dette området sjølv om det går bra. Det er særleg viktig å følgje opp dette området no når det er så stort fokus på universitetsambisjonen, dei krava institusjonen skal møte legg mykje press på fagmiljø og enkeltpersonar om å prestere. I tillegg er mykje forskning politisert og kan ha forventingar til spesifikke resultat. Styret peika på potensialet for å bruke utvalet ikkje berre til innrapportering når det har gått galt, men at dei kan brukast som sparringspartner i forkant av at saker oppstår.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

21/18 Oppstart av prosess for å undertegne Magna Charta Universitatum

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	21/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret gjev si tilslutning til at Høgskulen på Vestlandet startar prosess for å underteikne Magna Charta Universitatum.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret var positive til dette initiativet og dei prinsippa som ein her sluttar seg til.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret gjev si tilslutning til at Høgskulen på Vestlandet startar prosess for å underteikne Magna Charta Universitatum.

22/18 Årsrapport 2017 for Klagenemnda ved Høgskolen på Vestlandet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	22/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek årsrapport for 2017 - Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet til orientering

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, presenterte saka.

Styret merka seg auken i klagesaker, men det vart kommentert at dette kan skuldast ei auka merksemd på regelverk både blant tilsette og studentar, og dessutan at ein har fått på plass eit studentombod ved HVL. Sjølv om det har vore ein auke i talet på saker så er medhaldsraten i klagenemnda låg, noko som kan indikere at sakshandsaminga ved HVL jamt over er av god kvalitet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek årsrapport for 2017 - Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet til orientering

23/18 Årsrapport frå Læringsmiljøutvalet ved HVL 2017

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	23/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek årsrapport frå Læringsmiljøutvalet (LMU) til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, gav meir utfyllande informasjon om innhaldet i saka.

Styret ser fram til at kvalitetssikringssystemet kjem på plass slik at dette og andre utval finn sin plass i den nye organisasjonen.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tek årsrapport frå Læringsmiljøutvalet (LMU) til orientering.

24/18 Studiebarometeret 2017 - Resultat for HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	24/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar resultat for HVL frå Studiebarometeret 2017 til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka. Bjørg Kristin Selvik, prorektor for utdanning, gav meir informasjon om innhaldet i saka.

Styret var nøgd med at HVL skårar godt på mange område og at HVL har ein høgare svarprosent enn landsgjennomsnittet. Dei understreka at det likevel er viktig å halde fokus på å forbetre både dei områda ein skårar lågare på og halde oppe kvaliteten på dei områda ein gjer det godt. Resultata frå studiebarometeret er viktige indikatorar for forbetnings- og kvalitetssikringsarbeid, men verdien heng saman med svarprosenten. Styret oppmoda om at ein bør sjå på måtar å auke deltakinga i undersøkinga for å gjere resultata meir anvendelege.

I styrets diskusjon vart dei områda studentane har meldt om at dei er mindre nøgd med (medvirking, undervisning og veiledning mm.) via særskilt merksemd. Styret bad om at ein forsøker å få tak i meir informasjon om kva som ligg bak tala, slik at ein kan sette inn målretta tiltak på desse områda.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar resultat for HVL frå Studiebarometeret 2017 til orientering, og forventar at materialet blir aktivt fortolka og nytta inn i kvalitetsarbeidet på institusjons-, fakultets- og studieprogramnivå ved HVL.

25/18 Oppnemning av studentrepresentant - skikkavurderingsnemnda ved HVL

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	25/18

Forslag til vedtak/innstilling:

1. Styret nemner opp følgjande studentrepresentant som medlem av den mellombelse skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet:

Celin Stordahl

Møtebehandling

Styreleiar innleia og rektor presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka anna enn at det vart peikt på at ein i oppnemningssaker bør ha med opplysningar om kven som alt er medlemmer i den aktuelle komiteen eller utvalet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

1. Styret nemner opp følgjande studentrepresentant som medlem av den mellombelse skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen på Vestlandet:

Celin Stordahl

26/18 Campusutvikling HVL - løypemelding nybygg Haugesund

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	26/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Styreleiar innleia og Helge Skugstad, direktør for økonomi og arealforvaltning, presenterte saka.

Styret hadde ikkje kommentarar til saka.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

27/18 Campusutvikling HVL - status nybygg Sogndal og Bergen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Høgskulestyret	07.03.2018	27/18

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tar saka til orientering.

Møtebehandling

Helge Skugstad, direktør for økonomi og arealforvaltning, presenterte saka.

Styret hadde ikkje innvendingar til saka, men det vart kommentert at ein i framtidige saker om byggprosjektet i Sogndal bør nemne den komiteen som jobbar med det der. I tillegg vart det etterspurd meir informasjon om campusutvikling i samband med Kronstad 2-prosjektet, utover det som konkret gjeld status for bygget.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Styret tar saka til orientering.

Saknr	Arkivsak	Tittel
O-2/18	17/00146-30	Orienteringar frå rektor - styremøte 02/18

O-2/18-1 Referat frå IDF-møte

Referat frå IDF-møte 29. januar (Ettersendt 7. mars)

Moment frå referatet blir tatt opp i samband med dei aktuelle sakene.

O-2/18-2 Årshjul

Rektor orienterte om at årshjulet blir oppdatert og at endringar blir synleggjort i årshjulet.

Styret hadde ikkje merknadar.

O-2/18-3 Prosjekt universitetsambisjon

Rektor orienterte om oppretting av eit prosjekt for å komme i gang med eit heilskapleg arbeid med å jobbe mot universitetsambisjonen.

Styret bad om å få tilsendt noe av materialet frå evalueringa som blir gjort av søknadsprosessane til OsloMet og USN. Desse kan gje styret peikepinn på tematikkar det er særleg viktig for HVL å ha fokus på.

O-2/18-4 Følgjeevaluering

Rektor orienterte om saka. Det er no definert eit mandat for følgjeevaluering av fusjonen og om organiseringa av HVL setter oss i stand til å nå dei måla vi har sett oss. Oppdraget skal ut på anbod no i vår. Målsetninga er å ha på plass noen resultat frå følgjeevalueringa før neste åremålsperiode slik at eventuelle justeringar kan settast i verk dersom det er naudsynt.

Styret bad om å få tilsendt kopi av notatet som vart drøfta med dei tillitsvalde i denne saka.

O-2/18-5 Eining for utvikling av undervisning og læring

Rektor orienterte om at det er satt ned eit utval som skal sjå på korleis ei slik eining kan bli rigga og kva hensikt og oppgåver som bør leggest

til denne eininga. Gunn Haraldseid har fått i oppgåve å leie dette utvalet.

Styret bad om å få kopi av mandatet til arbeidsgruppa.

Saknr	Tittel
E-2/18	Eventuelt - styremøte 02/18

E-2/18-1 Orientering om HVL sitt syn på dosentløpet

Saka vart meldt av styremedlem Tom Skauge på e-post 6. mars.

Rektor gjorde greie for sitt syn på dosentløpet. Innspel til et ein debatt og praksis ved institusjonen må skiljast frå kvarandre.

E-2/18-2 Fakulteta sin plass i HVL sin institusjonsstrategi

Saka vart meldt av styremedlem Tom Skauge på e-post 6. mars.

Bjørng Kristin Selvik, leiar for strategigruppa, viste til plan for strategiprosessen og orienterte om at fakultetsstrategigruppene vil bli kopla på strategiprosessen på institusjonsnivå når dei blir etablert.

E-2/18-3 Følgjeevaluering– oppfølging av sak O-2/18-4

Styret fikk notat om følgjeevaluering tilsendt etter orienteringa om O-2/18-4 møtet i 7. mars. Rektor orienterte om mandatet for utlysinga som skal ut på anbod.
